



Arkivnr: 2019/17077-2  
Saksbehandlar: Marianne Ose Askvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		31.10.2019

## Markering av samanslåinga til Vestland i samband med Bergen 950 år og Bergen Internasjonale Lysfestival

### Samandrag

Fylkesordførar har motteke søknad frå Bergen Sentrum AS om markering av samanslåinga til Vestland fylkeskommune i samband med Bergen 950 år og Bergen Internasjonale Lysfestival.

Bergen Sentrum AS har ei målsetting om å etablere ei ny, årleg folkefest og langvarig festival på høgt internasjonalt og kunstnarisk nivå. Denne har fått namnet Bergen Internasjonale Lysfestival og har som målsetting å markere opninga av jubileumsåret «Bergen 950 år» og vidare fylkessamanslåinga til Vestland fylkeskommune i 2020.

Første utgåve av Bergen Internasjonale Lysfestival er planlagt til 17.-19.januar 2020. Bergen kommune ønskjer at festivalen skal starte som ei viktig del av markeringa av Bergens 950-års jubileum dette første året og har løyvd 1 000 000 kroner til dette.

Bergen Sentrum AS søker 1 000 000 kroner til finansiering av prosjektet frå Hordaland fylkeskommune. Fylkesrådmannen tilrår eit eingongs tilskot på 200 000 kroner frå Fylkesutvalet sin rådveldekonto. Dette med føresetnad om at prosjektgruppa si målsetting om å markere Vestland fylkeskommune som skissert i søknaden, vert realisert.

**Økonomi:** Støtta vil ikkje ha negativ effekt på driftsresultat, lånegjeld eller disposisjonsfond.

**Klima:** Prosjektet vil ikkje ha negativ verknad for klima.

**Folkehelse:** [Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle](#): Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Tilskotsordninga er eit av verkemidlane for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 [PREMISS: KULTUR](#).

### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet løyver eit eingongstilskot på 200 000 kroner til Bergen Sentrum AS frå Fylkesutvalet sin rådveldekonto (Stad: 720 200 00). Føresetnad for løyvinga er at markeringa av Vestland fylkeskommune under første utgåve av Bergen Internasjonale Lysfestival vert realisert som skissert i søknaden.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 01.10.2019**

Første utgåve av Bergen Internasjonale Lysfestival er planlagt til 17.-19.januar 2020. Bergen kommune ønsker at festivalen skal starte som ei viktig del av markeringa av Bergens 950-års jubileum dette første året og har løyvd 1 000 000 kroner til dette. Jubileumsmarkeringa for Bergen 950 år vil vere ein viktig del av lysfestivalen og er frå prosjektgruppa si side tenkt arrangert den 18.januar. På same tid ønsker prosjektgruppa at det skal markerast at Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har blitt slått saman til Vestland fylkeskommune.

Bergen Sentrum AS står bak søknaden og i prosjektgruppa sitter Steinar Kristoffersen (dagleg leiar), Marianne Rønning (prosjektleder) og Birk Nygaard (kunstnarisk leiar).

Prosjektgruppa har som mål at "Bergen Lyser" skal bli ein internasjonal festival som setter Bergen på kartet som eit sentrum for lyskunst og kreativ bruk av lys. Prosjektgruppa ønsker at festivalen skal vere ein innovativ festival som viser kreativitet, miljøansvar og bærekraft. Festivalen skal involvere publikum, mellom anna med bruk av interaktive installasjonar. Festivalen skal appellere breitt, men også vere fagleg stimulerande både for kunstnarar og lyseksperter.


Prosjektgruppa viser til at festivalen skal vere for alle som besøker Bergen sentrum i festivalperioden. Det inkluderer barn og unge, familiar, vaksne og eldre. Festivalen er vidare meint å vere inspirerende for fagpersonar, kunstnarar og studentar. Jubileumsmarkeringa er og tenkt å streamast slik at dei som ikkje har høve til å reise inn til sentrum kan følgje denne på aktuelle nettsider, sosiale medium og andre kanaler.

Festivalen skal sette lys på miljø og bærekraft. Prosjektgruppa ønsker at fleire av installasjonane skal verte drive av solceller, og utover dette er det planlagt å nytte led-lys.

Kartet under viser med fargede felt omrisset av Bergen sentrum sine sentrale stader som skal pregast av lysfestivalen:



Stilisert kart over rute:



Det stiliserte kartet viser korleis prosjektgruppa ser føre seg lys-ruta, frå Nygårdsparken nedst til høgre til festningsområdet øvst til venstre.

Til markeringa av Vestland fylkeskommune har prosjektgruppa sett føre seg eit spesielt lysverk; «Global Rainbow» av Yvette Mattern. Verket har vore oppført i fleire store byer som Berlin, New York, Nantes, London osv. Prosjektgruppa vil plassere dette verket på byfjellene som eit signalverk. Verket kan besøke fleire byer som t.d. Florø og Odda for å markere samanslåinga til Vestland fylkeskommune. «Global Rainbow» er eit omreisande prosjekt som plasserar ein kunstig, flat regnbue over staden. Døme på korleis regnbuen kan sjå ut med utgangspunkt på Fløyen og landingspunkt på Ulriken:



Når det gjeld jubileumsmarkeringa ønskjer prosjektgruppa at markeringa vil engasjere og imponere, opplyse og informere, om Vestland, Bergen, havet, lyset og historia.

## FINANSIERING

Hovedtall for finansiering:

Nygårdsparken:	900 000
Jubileumsmarkering*:	2 000 000
HC Gilje:	600 000
Light Art Collection:	1 500 000
Øvrige områder:	500 000
Markedsføring og adm.:	1 000 000
Tilgjengelige prosjektmidler:	500 000
<b>SUM:</b>	<b>7 000 000</b>

\*Kostnadsoverslag Jubileumsforestillingen:

Regi:	75 000
Gjennomføring:	300 000
Statsraad Lehmkuhl og kajaker	50 000 (kun til belysning og tribune)
Lysende buekorps:	0 (har mottatt offentlige prosjektmidler)
Musikk /musikkredaktør/komponist:	50 000
Honorar forfatter tekst og opplesning:	75 000
Teknikk:	1 000 000
Videomapping innhold:	300 000
Belysning av Bryggen mm:	150 000
Sum jubileumsforestilling:	2 000 000

Søknad om finansiering fra Hordaland fylkeskommune:

Jubileumsforestilling:	500 000
Global Rainbow (i Bergen):	480 000
Festivaladministrasjon:	20 000
<b>Søknadssum (HFK):</b>	<b>1 000 000</b>

## FRAMDRIFTSPLAN:

Utviklingsfasen har gått føre seg frå mai til juni 2019. August til desember er forarbeidsfasen der alle avtalar og planer iverksettes. Prosjektgruppa gjer då kalkulering i høve finansiering og startar arbeidet med planlegging og knytte til seg naudsynt kompetanse. Under lysfesten 23.november skal programmet annonserast for publikum. I januar vert festivalen gjennomført og i februar vert det etterarbeid og evaluering.

Vedlagt er fullstendig søknad frå Bergen Sentrum AS.